



MANDAT FOR ARBEIDSGRUPPE

SAMANSLÅING AV GRANVIN OG VOSS, ORGANISERING AV TENESTENE INNAN HELSE OG OMSORG.

MANDAT/PROSJEKTPLAN ARBEIDSGRUPPE

Godkjend av administrativ styringsgruppe 8.9.17

Innleiing

Granvin og Voss kommune starta samarbeidet om helsetenestene tidleg 2017. Me har samarbeida om utvikling av den nye forskrifta om langtidsopphald i institusjon, revisjon av tildelingskriterium, ny avtale om ØH-senger rus/psykiatri, drift av legevakta. Representantar frå Granvin har delteke på leiarsamlinga i Voss i juni og elles så mange fellesmøte det har vore moglegheit til. Under har me beskrive mål for vårt prosjekt framover, samt arbeidsgruppene me ser for oss er tenlege for vidare arbeid.

Bakgrunn og overordna mål for prosjektet

Granvin herad og Voss kommune skal gjennom ein samanslåingsprosess, saman skal me byggja Nye Voss kommune. I den samanheng skal me vurdera alle sider av drifta.

Førebels fellesnemnd har slutta seg til styringsdokumentet og ein overordna prosjektplan for etablering av Nye Voss 1.1.2020.

Prosjektplanen anbefalar organisering av arbeidet i administrative arbeidsgrupper/hovudgrupper, evt undergrupper som skal vurdera spesifikke områder.

Helse og Omsorg i Voss kommune har saman med representant Magnhild Grønningsæter frå Granvin starta arbeidet med å planleggja arbeidsgrupper. Me ynskjer i fyrste omgang å starta med 6 grupper. Dette er ei IKT gruppe, Tenesteutvikling- pleie- og omsorgstenester, Felles tenester, Rus og psykiatri, Helsetenester inkl.legevakt og økonomi.

Overordna mål for arbeidet

Sikra at innbyggjarane mottak helsetenester av god kvalitet.

Tenestene må byggja på omsorgsplan kommunane saman skal utarbeida. Vedteken strategi for helsetenesta i Voss kommune skal gjennomgåast saman med Granvin for å finna punkt me kan ta med inn i planlegginga/opprettinga av ny kommune.

Me skal søkja ny kunnskap/forskning og byggja kvalitet i helsetenesta på bakgrunn av dette.

Konkrete mål for prosjektet

Me skal ha hovudfokus på kvalitet i tenestene.

Skapa ein velorganisert organisasjon som til ei kvar tid yter tenester til innbyggjarane ut i frå deira behov med hovudvekt på brukaren sine ressursar. Me skal gje rett hjelp til rett tid på rett stad.

Me skal involvera innbyggjarar og pårørande i utvikling av helsetilbodet i den nye kommunen.



Nye Voss 2020

Med utgangspunkt i dagens tenester vil me evaluera alle områder og reetablere tenestene i tråd med siste oppdaterte kunnskap.

- **Prosjektgruppe;**

- Kjersti Nordanger (Voss, prosjektleiar)
- Magnhild Grønningsæter (Granvin)
- *Tillitsvalt Voss*
- Tillitsvalt Granvin
- Vernetenesta
- Ingrid H. Rabben (Voss, kvalitet- og samhandlingskoordinator)
- Kommuneoverlege

Alle arbeidsgrupper:

Analysere dagens situasjon, kartlegge kvar me er i dag, og kvar vil me framover? Kva er brukarbehovet? Kva treng me framover?

- Arbeidsgruppe 1: **Tenesteutvikling - pleie- og omsorgstenester** (brukar- og pårørandeperspektiv).
Temaplan, tildelingskriterium, kommunalforskrifta, verksemdsplan – liggja til grunn for arbeidet i denne arbeidsgruppa. Auka prioritet av heimeteneste. Omsorgsteknologi. Økonomi.
 - Berit Kleppe (Voss, rådgjevar)
 - IKT, fagsystem
 - Magnhild Grønningsæter (Granvin, helse- og omsorgsleiar)
 - Tildelingskontoret Voss
 -
- Arbeidsgruppe 2: **Felles tenester** (hjelpemidlar, hjelpemiddellager, sjåførteneste)
 - Håkon Grimestad (Voss, leiar for fellestenester)
 - Granvin
 - Magnhild Branstveit (Granvin, ergoterapeut)
- Arbeidsgruppe 3: **Rus og psykiatri** (brukar- og pårørandeperspektiv)
 - Janne Gullestad (Voss, områdeleiar)
 - Psykiatrisk helsearbeidar – Siri Elvatun (Granvin)
 - Fagperson rus og psykiatri – Håkon (?)
 - Fagperson rus og psykiatri - ?
- Arbeidsgruppe 4: **Helsetenester inkl. legevakt** (fysio/ergoterapi, kommunelege, samfunnsmedisin, smittevern, miljøretta helsevern, rekruttering av fastlegar, helsestasjonstenester)
 - Kommuneoverlege, evt. annan lege



Nye Voss 2020

- Solbjørg Kjerland (Granvin, legesekretær)
 - Magnhild Branstveit (Granvin, ergoterapeut)
 - Hege Cathrine Pettersen (Voss, områdeleiar)
 - Ingri Langeland (Voss, ergoterapeut)
- Arbeidsgruppe 5: **Stab og støttefunksjonar**
Økonomiske vinstar. Korleis skal me måla? Evaluera? Legg føringar for dei andre arbeidsgruppene. Malar? Kva har andre kommunar gjort – gode løysingar? Kvar kan «spara»/effektivisera? (ikkje på turnus-nivå og drift, men overordna). Vurdera dei andre arbeidsgruppene sin økonomiske vurdering? Rådgivande funksjon?
- Liv Myklebust (Voss, strategi- og økonomileiar)
 - Magnhild Grønningsæter (Granvin, helse- og omsorgsleiar)
 - Kjersti Nordanger (Voss, kommunalsjef)

Planfasen

Utarbeide endeleg plan, aktivitetsplan, ressursplan, samt føringar for prosjektet. Gjennomføringsrisiko skal vera identifisert og mogelege risikoreduserande tiltak føreslått.

Prosjektet blir elles bemanna etter behov og prosjekteigar si godkjenning.

Rammevilkår

Tidsramme: frå 1. august 2017 – til 1. desember 2019

Tidsplan:

Start prosjekt	01.08.2017
Godkjend mandat	01.09.2017
Tidsplan/ aktivitetsplan for delprosjektet	01.11.2017
Kartleggingsdokument	01.09.2018
Overordna administrativ og politisk organisasjonsstruktur	01.08.2018
Framlegg framtidig organisering av tenesta	01.12.2018
Sluttrapport	01.12.2019

Kostnadsramme: Det er ikkje budsjettert med kostnader. Ressursinnsatsen er basert på at deltakarane i prosjektet får fristilt tid til å jobba med denne oppgåva.

Oppfølging av arbeidet

Kostnader: Det er ikkje budsjettert kostnader i prosjektet utover tid for prosjektdeltakarane.

Ressursbruk: Det vert ført timerekneskap for dette prosjektet. Omkostninga skal synleggjerast for fellesnemnda.



Nye Voss 2020

Rapportering: Det skal vera eit oppstartsmøte mellom prosjekteigar og leiar for arbeidsgruppa i samband med godkjenning av mandat for arbeidsgruppa . Det skal rapporterast slik til prosjekteigar:

Status/ Internt notat:

Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.1.2018

Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.4.2018

Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.10.2018

Utvida status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.04.2019

Avvik frå tidsplanar og faglege/administrative avgjerder som ligg utanfor prosjektet sitt ansvarsområde skal handsamast av prosjekteigar.